# Sakspapir

| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
|---|---|---|
| Jan Kvingedal | FA-U43 | 18/450 |

| Saknr | Utval | Type | Dato |
|---|---|---|---|
| 008/2023 | Teknisk utval | PS | 23.05.2023 |

### Uttale - Søknad om flytting og endra anleggskonfigurasjon Vikane - Blom Fiskeoppdrett

## Vedlegg:

| Journalposttittel | Dato |
|---|---|
| Blom Fiskeoppdrett AS - Søknad om flytting og endring av anleggskonfigurasjonen på lokalitet 13704 Vikane | 03.02.2023 |
| Tillatelse_til_akvakultur_i_flytende_eller_landbasert_anlegg_1986094.pdf.pdf | 03.02.2023 |
| Ny og gammel plassering anlegg Vikane.tif.pdf | 03.02.2023 |
| Vikane koordinater og plassering anlegg.pdf.pdf | 03.02.2023 |
| Vikane planstatus.pdf.pdf | 03.02.2023 |
| Vikane arealinteresser.pdf.pdf | 03.02.2023 |
| Vikane kvalitetshandbok og beredskapsplanar.pdf.pdf | 03.02.2023 |
| Vikane Sjøkart og sjøtrafikk.pdf.pdf | 03.02.2023 |
| Vikane undervasstopografi.pdf.pdf | 03.02.2023 |
| Rapport nr. 523-2011. Straummåling Vikane Blom Fiskeoppdrett AS 28 januar 2011.pdf.pdf | 03.02.2023 |
| STIM Miljø Rapport 73-2022 Forundersøkelse Vikane.pdf.pdf | 03.02.2023 |
| KU-vurdering Vikane.pdf.pdf | 03.02.2023 |
| 8.2.6. Biosikkerhetsplan fartoy utstyr dykkere.pdf.pdf | 03.02.2023 |

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune har ingen merknader til søknad om endra storleik, plassering og konfigurasjon av anlegget ved Vikane 13704 (Einestrand), men ein ber om at det blir teke med som eit vilkår at anlegget vert flytta lenger nord inn i nytt området i interkommunal plan for sjøareal, avsett for akvakultur, når denne planen er vedteken. Vidare ber ein om at sjølve forflåten vert flytta lenger bort/ får større avstand til bustaden på gnr. 59 bnr. 10.**

## Saksopplysningar:

### Bakgrunn

Masfjorden kommune har motteke skriv, dagsett 03.02.23, frå Vestland fylkeskommune der dei opplyser at Blom Fiskeoppdrett AS har søkt om å endra anleggskonfigurasjon i Vikane 13704 ved Einestrand i Masfjorden kommune. Anlegget er omsøkt flytta, endra retning og storleik. Anlegget har i dag 5 ringar, det søkt om 8 totalt, anlegget blir flytta noko mot nord og retninga blir endra 90 gr.

Kommunen er høyringsinstans, det er fylkeskommunen som har forvaltarmynde.

**Høyring**

Saka her vore utlyst på kommunen sine heimesider, Norsk lysingsblad og avisene Strilen og Nordhordland i perioden 20.02.23 – 20.03.23. I tillegg har den lagt til ettersyn på tjenestetorget på kommunehuset. Det er ikkje kome inn merknadar til søknaden.

**Uttale**

Masfjorden kommune er høyringsinstans.

**Fakta**

Anlegget blir søkt flytta til ny lokasjon som er sett av i Masfjorden kommune sin arealplan til akvakultur. Det vert søkt om ei utviding av anlegget til 8 ringar på 160 meter med 100x100 meter ramme og tilhøyrande forflåte. Dette vil gje betre veksttilhøve for fisken i tillegg til betre fiskevelferd då arealet og vassutskiftinga i anlegget vil bli betre. Spreiing av utslepp frå anlegget vil også bli betre. I tillegg blir det meir areal tilgjengeleg til handtering av fisken



Figur til venstre syner gammal plassering med fortøyinga og figur til høgre syner ny plassering.

Anlegget vil driftast som ordinær produksjon av laks i ope anlegg i sjø. Foring vil skje som overvannsforing med bruk av luft til spreiing av foret. Blom Fiskeoppdrett AS har eigne brønnbåtar og god erfaring med bruk av ferskvann som avlusningsmetode, opplyser dei i søknad. Vidare seier dei at det ikkje vil vera endring med omsyn til fiskehelsenettverk.

Anlegget består av overflateanlegg med merder og forflåte. Fortøyingar kjem innanfor fleirbruksareal i sjø og areal avsett til fiske. Føresegn 5.3.1 opnar opp for at naudsynte fortøyingar for akvakultur kan etablerast innanfor fleirbruksområde i sjø og underføremål fiske. Fortøyingar for anlegget vil også kome inn i fleirbruksområde i sjø i Alver kommune. Det er planlagt produsert 2340 tonn pr. år.

**Vurdering**

Tiltaket er i medhald av gjeldande kommuneplan.

STIM Kunnskapstjeneste har gjort ei vurdering om det er nødvendig med KU med slik konklusjon:

*«Ut ifrå informasjon som føreligg er Vikane ein godt eigna akvakulturlokalitet. Etablering av oppdrettsanlegg på lokaliteten vil medføre nokon konsekvensar knytt til støy og lys for naboar, avgrense fritidsfiske rundt anlegget og fiske med aktive og passive reiskapar i området anlegget beslaglegg med fortøyingar. Det er ikkje vurdert at etablering av anlegg vil ha vesentleg påverknad for miljøet eller være i vesentleg konflikt med andre interesser. Det må gjerast ei vurdering av kommunen knytt til rasfare i område basert på kjent kunnskap om etablerte bustader i området. Ut i frå desse vurderingane er det ikkje behov for å utføre konsekvensutgreiing av tiltaket.»*

Det er eit bustadfelt under etablering like ved denne lokaliteten. Tilhøve for bustadfeltet blir lite endra i høve til ny plassering, då avstanden er omtrent den same.

**Konklusjon**
Masfjorden kommune tilrår at det vert teke med som vilkår at anlegget vert flytta lenger nord inn i nytt området i interkommunal plan for sjøareal, avsett for akvakultur, når denne planen er vedteken.

Vidare ber ein om at sjølve forflåten vert flytta lenger bort frå bustaden på gnr. 59 bnr. 10.

**Teknisk utval - 008/2023**

## TU - behandling:

Saka vart drøfta.
Masfjorden kommune har ingen merknader til søknad om endra storleik, plassering og konfigurasjon av anlegget ved Vikane 13704 (Einestrand), men ein ber om at det blir teke med som eit vilkår at anlegget vert flytta lenger nord inn i nytt området i interkommunal plan for sjøareal, avsett for akvakultur, når denne planen er vedteken. Vidare ber ein om at sjølve forflåten vert flytta lenger bort/ får større avstand til bustaden på gnr. 59 bnr. 10.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

## TU - vedtak:

**Masfjorden kommune har ingen merknader til søknad om endra storleik, plassering og konfigurasjon av anlegget ved Vikane 13704 (Einestrand), men ein ber om at det blir teke med som eit vilkår at anlegget vert flytta lenger nord inn i nytt området i interkommunal plan for sjøareal, avsett for akvakultur, når denne planen er vedteken. Vidare ber ein om at sjølve forflåten vert flytta lenger bort/ får større avstand til bustaden på gnr. 59 bnr. 10.**